

Kva språkansvar skal kommunane ha?

Den nye storkommunen Ålesund, som ikkje kjem på kartet før i 2020, har allereie lagt ein solid språkplan.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

Nye Ålesund kommune består av Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund kommunar, som er fire nynorskkommunar og éin språknøytral kommune. Dei fem kommunane skal vera likeverdige i den nye storkommunen, og da har språket vore eit viktig forhandlingspunkt. I intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune er det nedfelt reglar for språkbruk: Kommunen skal mellom anna bruke nynorsk i utforming av nettsider og informasjonsmateriell. Dei tilsette kan elles bruke bokmål i det daglege arbeidet sitt.

Eva Vinje Aurdal (Ap) er ordførar i Ålesund kommune og leiar av fellesnemnda for den nye kommunen. Ho er svært oppteken av at det faktisk blir likeverd mellom dei fem partane som har delteke i forhandlingane.

– Nynorsken blir eit kitt eller lim som får den nye organisasjonen til å henge saman. Eg trur språkvalet er eit viktig signal for dei kommunane som har vore redde for «store, stygge Ålesund». For dei andre kommunane vil språkvalet verke tryggjande. I tillegg byggjer vi noko heilt nytt saman. ▶

ISO-standard for klart språk

International Plain Language Federation (IPLF) arbeider med å utvikle en flerspråklig standard for klart språk under den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO (International Organization for Standardization). IPLF er sammensatt av medlemmer i klarspråksorganisasjonene PLAIN, Clarity og Center for Plain Language.

En standard er en felles «oppskrift» på hvordan noe skal lages eller gjennomføres, og standarden for klart språk skal inneholde språknøytrale prinsipper og retningslinjer. Senere kan det utvikles mer detaljerte standarder og legges til eksempler og lignende for enkeltspråk under den flerspråklige standarden. Det vil være frivillig å bruke ISO-standard.

Nye Ålesund kommune fekk prisen Årets nynorskkommune 2019 for det medvitne språkarbeidet som er gjort i samanslåingsprosessen. I grunngevinnga frå juryen heiter det mellom anna at storkommunen har ei raus og demokratisk innstilling til språk.

– Alt har stått på spel i denne prosessen. Nye Ålesund kommune har fått både namnet og kommunevåpenet frå noverande Ålesund kommune og dessutan den sentrale administrasjonen og den politiske leiinga. Mykje i den nye kommunen er arv frå den største kommunen, da er det viktig at vi tek språkvala i dei andre kommunane på alvor, seier Aurdal.

Alle kommunar har eit ansvar

Direktør Åse Wetås i Språkrådet meiner alle kommunar bør ta eit stort språkleg ansvar for innbyggjarane sine. Dersom kvar enkelt skal få rettane sine vareteknene, må kommunane ha ein språkbruksplan og ein aktiv språkpolitikk.

– Same kva språkval kommunen har gjort, treng kommunen ein språkleg strategi. Det er fordi språk er særskilt viktig for kvar og ein av oss, og ein må ha tilgang til språk for å kunne delta i lokaldemokratiet.

Denne hausten har Kulturdepartementet sendt eit forslag til språklov ut på høyring. Her er det mellom anna foreslått at fylkeskommunane skal følgje dei reglane i mållova som i dag berre gjeld statsorgan. Det er ein naturleg konsekvens av at statlege oppgåver blir flytte ut til fylkeskommunane. Wetås støttar det nye forslaget.

– Dette er eit viktig element i den nye lova. I staden for at fylkeskommunane skal velja ei målform som dei vil ta imot informasjon frå staten på, skal dei ha språklege plikter overfor innbyggjarane.

Har tillit til lokaldemokratiet

Nye Ålesund har gjort eit godt arbeid, og partane har voreause og funne løysingar som tek vare på det minst brukte skriftspråket, meiner Tor Arne Gangsø, som er arbeidslivsdirektør i KS.

– Språklova legg opp til eit sterkare vern av minoritetsspråka. Spørs-

målet er om det er staten eller lokale styresmakter som skal ha ansvaret for dette vernet. Sett frå synsstaten vår er nye Ålesund eit godt døme på at lokaldemokratiet tek ansvar for språk.

Gangsø har tidlegare vore rådmann i fleire kommunar og leiar i Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar. – Når ein leier store organisasjonar, må ein ha eit sterkt språkleg medvit, seier han.

– Det å skapa godt språk er ei utfordring i seg sjølv, anten det er bokmål eller nynorsk. Erfaringa mi som nynorskbrukar er at ein må ha eit enda sterkare medvit når ein vel å bruke minoritetsspråket. Vi må snakke om språk kvar dag og skapa stoltheit rundt det vi driv med. Da får vi det til. Men det skjer ikkje av seg sjølv.

Gangsø understrekar at det som leiar er viktig å ta språkansvar, og at ein må bruke ressursar på språk.

– I jobben min har eg ein ambisjon om å skapa godt språk, men eg kan ikkje begynne å rette og gå gjennom all tekst sjølv. Vi må bruke ressursar på å gjera folk trygge. Vi må bruke språket og la folk oppleve språkglede. Vi må ha ei god grunnopplæring der nynorsk blir eit populært språk, og ikkje noko som folk føler blir tvinga på dei.

Trur på kunnskap

Eva Vinje Aurdal meiner at språket har vore eit viktig forhandlingspunkt i kommunereforma. Samtidig ser ho på språkvalet i kommunane i eit større perspektiv.

– Dette handlar om meir enn Ålesund, det handlar om framtida til nynorsken. Det er viktig at vi gjer det vi kan. Nynorsken treng å bli brukt for å utvikle seg i takt med samfunnet. At nye Ålesund bidreg og får så mykje merksemd, forpliktar oss.

Om Aurdal skal koma med eit tips til andre kommunar i liknande situasjonar, rår ho dei til å gjeva tydeleg informasjon.

– Vi opplevde at det var vanskeleg å nå ut med god informasjon om kva det inneber at Ålesund skal bli ein nynorskkommune. Om eg hadde visst det, ville eg fått ut meir informasjon på eit tidlegare tidspunkt. Eg trur at kunnskap hjelper mot alt. ●

Helsekompetanse for «health literacy»

I Norge har vi ikke hatt noe omforent ord for «health literacy», altså en persons evne til å forstå, vurdere og bruke helseinformasjon for å kunne ta gode beslutninger om egen helse. I arbeidet med en ny strategi i vår mente Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) at det engelske uttrykket «health literacy» ikke ville fungere når man skal snakke om og utvikle fagfeltet, og ønsket å finne fram til et dekkende norsk uttrykk.

HOD vurderte uttrykk som alt er i bruk og kjent i fagmiljøene, og som sier noe om innholdet i begrepet på en enkel måte uten å være for langt. Departementet kom til at *helsekompetanse* er det mest dekkende uttrykket for «health literacy».

Dette er noen av de andre norske uttrykkene som er i bruk: *helsefremmende allmenndannelse, helsekunnskap, helseforståelse, helseinformasjonsforståelse, helserelatert informasjonskompetanse, helselitterasitet og helseinnsikt*. Av disse uttrykkene var *helsekunnskap* og *helseforståelse* aktuelle kandidater, men de ble ansett som for snevre. HOD mente at de to uttrykkene heller ikke omfatter en aktiv handling, slik som kompetansebegrepet gjør. Den nye strategien heter derfor «Strategi for å øke helsekompetansen i befolkningen 2019–2023».

Språklova

Høyringsfristen for forslaget til ei ny, heilskapleg språklov gjekk ut 15. november. Du kan lese alle høyringsvara på nettstaten til Kulturdepartementet, kud.dep.no.



«Nynorsken treng å bli brukt for å utvikle seg i takt med samfunnet.»

EVA VINJE AURDAL, ORDFØRAR I ÅLESUND KOMMUNE

Ukritisk bruk av importerte engelske uttrykk irriterer mange. Her tar vi opp noen av de mest frustrerende frasene.

Mange importord med engelsk skrivemåte og uttale har fått gode norske avløserord, for eksempel *stordata* (big data), *minnepinne* (memory stick), *scenenekt* (no-platform), *påvirker* (influencer), *emneknagg* (hashtag) og *varsler* (whistleblower). Slike ord har mange et bevisst forhold til – vi går ut fra at folk vet om de bruker det engelske ordet eller den norske avløseren.

På den andre siden har vi de mindre bevisste oversettelseslånene, som *resept* i betydningen 'oppskrift', *å adressere* for 'å ta opp / gjøre noe med' og *å gro* (*noe*) i transitiv betydning, altså 'å dyrke'. Slike ord, eller nye betydninger, sniker seg ofte ubemerket inn, for de ligner på noe vi har fra før.

De oversettelseslånene som griper sterkest inn i språket, er flerordsuttrykkene som er oversatt ord for ord, og som av og til påvirker selve setningsbygningen. Disse frasene går kanskje ekstra lett under importordradaren til folk flest. Derfor slår vi dem stort opp på plakaten.

Noen råd

Et fraselån kan være nyttig der vi mangler gode uttrykk fra før. Men vi oppfordrer deg til å holde de tradisjonelle norske uttrykkene i hevd der de er dekkende. Har du flere eksempler på fraselån, kan du gjerne sende dem til oss.



Se også Språkrådets liste over norske avløserord: sprakradet.no/paanorsk.

~~Adresser det!~~ Gjør noe med det!

FRUSTRERENDE FRASER

Ukritisk fraselån	Språkbevisst uttrykksmåte
<i>dette er hvordan</i> («this is how»)	<i>slik, sånn</i>
<i>på daglig basis</i> («on a daily basis»)	<i>jevnlige, daglig, i det daglige, fast, hele tiden</i>
<i>komme til en ende</i> («come to an end»)	<i>ta slutt</i>
<i>når det kommer til</i> («when it comes to»)	<i>når det gjelder</i> (men merk at <i>når alt kommer til alt</i> og <i>når det kommer til stykket</i> er faste uttrykk på norsk)
<i>virker å være</i> («seems to be» eller svensk «verkar vara»)	<i>virker</i> (<i>slik</i> eller <i>slik</i>), <i>ser ut til å være, later til å være, er visst</i>
<i>gjøre en forskjell</i> («make a difference»)	<i>spille en rolle, ha betydning, gjøre nytte/monn</i>
<i>vokse på</i> («grow on sb.»): <i>det vokser på meg</i>	<i>jeg begynner å venne meg til det, jeg liker det bedre og bedre</i>
<i>åpne opp om noe</i> («open up about»)	<i>snakke (åpent) ut om</i>
<i>tette gapet</i> (mulig sammenblanding av «fill the gap» og «bridge the gap»)	<i>jevne ut ulikhetene, minske avstanden</i>
<i>hvem er NN til å</i> («who am/are/is NN to»)	<i>med hvilken rett kan NN, hvordan kan NN</i>
<i>gjøre noe av en grunn, jeg gjør det av en grunn</i> («for a reason»)	<i>ha en grunn til å gjøre noe, det er en grunn til at jeg gjør det</i>
<i>det er ditt tap</i> («your loss»)	<i>synd for deg, det er ditt problem, verst for deg</i>
<i>jeg kunne ikke bry meg mindre</i> («couldn't care less»)	<i>(det er det) samme for meg, jeg gir blaffen i det</i>
<i>stoppe noen fra</i> («stop from»)	<i>hindre noen i</i>
<i>falle ut med</i> («fall out with»)	<i>komme på kant med, ryke uklar med, bli uvenner med</i>

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vikå
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Språkspørsmål

1 I skolen refererer vi ofte til forskjellige skoleår, f.eks. *skoleruta for skoleåret 2019/2020*. Jeg har sett mange skrivemåter, bl.a. 2019/2020, 2019–2020 og 19–20. Hvilken skrivemåte anbefaler dere?

Svar: Både skråstrek og tankestrek (altså lang strek, ikke bindestrek) kan brukes i slike konstruksjoner, og det skal ikke være mellomrom. Det er blitt ganske vanlig å bruke skråstrek når tallene står for deler av år som kommer rett etter hverandre, som i uttrykk for sesonger og skoleår. Men lengre tidsrom markerer vi alltid med tankestrek. Det er fullt mulig å forkorte det siste årstallet til to siffer, altså f.eks. 2019/20.

2 Kan/skal man skrive klimautslipp? Jeg mener at det er helt feil. Hva er utslipp av klima? Utslipp av klimagasser er derimot logisk.

Svar: Vi anbefaler å skrive *klimagassutslipp* eller *klimagassutslipp*. Det ble fort ganske vanlig å skrive *klimautslipp*, men den fullstendige formen dominerer fremdeles. (I engelsk er «climate emissions» uten «gas» det vanligste.)

Andre eksempler på slike sammensetninger (der første del er et «amputert» ord), er: *tefat* (← *tekopffat*), *atomfri* (← *atomvåpenfri*), *oljeplattform* (← *oljeboringsplattform*).

Logisk sett kan et ord som er laget på denne måten, være ganske meningsløst. Hvis det i virkeligheten ikke blir misforstått, er det likevel mye som taler for å godta klimautslipp etter hvert.



Foto: acilo / iStockphoto

Sitatet

Ord er som røntgenstrålar når ein bruker dei riktig.

ALDOUS HUXLEY

SPRÅKEGGET

– sakset fra en statlig nettside

[Systemet] skal overse rapporteringen av publikasjoner

Hvorfor rapportere når rapporteringen likevel skal overses?

Twist

På norsk betyr *twist* først og fremst 'strid, uenighet, konflikt', jf. *tvistemål, arbeidstvist, grensetvist*.

Stadig oftere ser vi *twist* brukt i en eller annen engelsk betydning. På engelsk kan nemlig ordet «twist» ha flere betydninger som er i ferd med å snike seg inn i norsk.

twist

- 1 vri (substantiv), variasjon, tolkning
Anglisert norsk: «gammel klassiker med en ny twist»
Norsk norsk: *ny vri på gammel klassiker, gammel klassiker i ny tolkning*
- 2 uventet retning eller vending (f.eks. i en historie)
Anglisert norsk: «en twist i handlingen» («a twist in the plot»)
Norsk norsk: *et vendepunkt i handlingen, handlingen tar en ny vending*
- 3 (smaks)tilsetning (for å krydre eller sprite opp noe)
Anglisert norsk: «vann med en twist av sitron» («a twist of lemon»)
Norsk norsk: *vann med (en) smak av sitron, en dråpe sitron*

Twist som verb betyr 'vri, sno, tvinne, vikle, bøye (til)'.

Anglisert norsk: «tvistet brød» («twist bread» eller «twisted bread»)
Norsk norsk: *snodd brød, vridd brød, flettet bakverk*